

Thekopsora areolata (lokkrust)

Soppsjukdom

Venche Talgø og Arne Stensvand, Planteforsk Plantevernet

venche.talgo@planteftorsk.no

Samandrag

Lokkrust er først og fremst ein sjukdom på konglar av gran, men kan også gi unormal vekst av nye skot. Konglane kan vera fulle av lett synlege sporehus og kongleskjella vil sprika. Angrepne toppar bøyjer seg over mot den sida av skotet som er smitta. Seinare veks skota oppover og dei vert då nærast S-forma.

Summary

The rust fungus *Thekopsora areolata* can destroy spruce seed production and result in malformations of new shoots.

Vertplante

Vanleg gran (*Picea abies*)

Symptom og biologi

Lokkrust angrip konglar av gran og kan vera eit problem i frøproduksjonsfelt der konglene kan verta øydelagde. På kongleskjella kan det sitja tett med runde sporehus som er om lag 1 millimeter i diameter. Dette er det såkalla skålruststadiet til soppen (Fig. 1). Desse små kulene har ein hard vegg som opnar seg med eit lokk om våren og frigjer sporar (aecidiosporar) som smittar unge blad på mellomverten hegg (*Prunus padus*).

Heggeblada får tett med små flekkar utover sommaren. Dei er nokså lyse og fiolette på undersida av blada, men mørkare, brunraude og til slutt svarte på oversida av blada. I dei lyse flekkane på bladundersida dannast uredeosporar (sommarsporar) som spreiar soppen til nye heggeblad. I dei mørke flekkane på oversida av blada dannast teleutosporar (vintersporar). Neste vår, under bløminga til grana, vil teleutosporar i dei visne heggeblada spira og danna basidiosporar. Desse smittar blomane til grana. No vil aecidiosporar utvikla seg i konglene. Dei spreier seg neste vår. Livssyklusen er altså toårig.

Lokkrust kan også smitta plomme og gir der haglskotsjuke på blada, men soppen kan ikkje fullføra livssyklusen på plomme.

Når det er lokkrust i konglar, vil kongleskjella sprika sterkt og hengja lengre på trea enn friske konglar, nokre gonger i fleire år.

Unge granskot som vert smitta av basidiosporar frå hegg, vert ofte bøygde på form (Fig. 2). Dei bøyer seg mot angrepspunktet. Når skotet veks vidare vil det søkja oppover, det vert då nærast S-forma.



Fig. 1. Grankongle som er full av sporehus av lokkrustsoppen (skålruststadiet). Foto: R. Langnes



Fig. 2. Granskot med skeiv vekst på grunn av lokkrustangrep. Foto: V. Talgø

Tiltak

Soppen kan i prinsippet utryddast ved å fjerna all hegg i området rundt granplantingane. I praksis er dette som regel ikke gjennomførbart, men inne på området eller like ved planteskular som produserar granplanter, bør all hegg fjernast. Dette gjeld også i område med frøproduksjon. Det er ikke kjent kor langt rustsporane kan spreia seg, så det er uråd å seia noko om kor breitt belte ein må fjerna heggen i. Vær og vind spelar sjølvsagt inn. Aecidiosporane er meir tjukkvegga enn basidiosporana, og vil truleg tåla å verta spreidde over lengre avstandar enn basidiosporane.

Prosjekttittel: Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen (2001-2003)

Finansiering: SND, NGF, eigeninnsats

Styringsgruppe:

Harald Rømild (prosjektansvarleg), Norsk Pyntegrønt

Inger Hilmersen, Norsk Gartnerforbund

Tønnes Straum, produsent

Terje Pundsnes (leiar for styringsgruppa), Pyntegrøntringen

Morten N. Andersen, Det Norske Skogselskap

Arne Stensvand (fagleg ansvarleg) og Venche Talgø, Planteforsk Plantevernnet



Kjem som vedlegg til Norsk Pyntegrønt hausten 2004